



# Kolset Tidende

Nr 1 \* Årgang 24

Mai 2020

---

---

## Innhold:

- Styret har ordet
- Turstien i Blålida-eit stort steg vidare
- Lite svingom for seniordansen dette halvåret
- Prøvebu-prosjektet: Stortrives, men må ta eit val
- Davik og omegn husflidslag
- Informasjon fra Rugsund skyttarlag
- Informasjon fra soknerådet
- Leirgulen Idrettslag
- Smalsarhorn skulemusikk
- 17.mai i Kolset krins



# **Styret har ordet**

Det har i sanning vore eit annleis vårhalvår i 2020, med koronakrisa og ein iskald mai-månad som vil gå inn i historia som ein av dei kaldaste i manns minne.

Dette året har vi hatt gleda av å ha to nye familiar i bygda, i regi av «Prøvebuprosjektet». Familien Meisler /Syversen kunne de lese om i julenummeret av avis, og i denne utgåva får de bli litt kjende med familien Bjerke-Johansen.

I vår har vi også fått eit nytt oppdrettsselskap i nærområdet, Havkar AS. Vi håpar at det vil føre med seg mykje positivt for bygda, både i form av fleire nye arbeidsplassar og aktivitet!

Saka om Kolset skule har vore med og prega stemninga i bygda. Den kommunale skulen er vedtatt nedlagd. Etter jul fekk styret i Kolset Montessoriskule svar frå Utdanningsdirektoratet med avslag på søknaden om etablering av Montessoriskule på Kolset. Avslaget vart klaga inn til Utdanningsdepartementet, men styret i Montessoriskulen har førebels ikkje fått svar på klagen.

Styret i KKU har teke opp igjen møteaktiviteten. Så lenge Kolset Oppvekst er stengd for møteaktivitet har vi lagt møta utandørs. Termodressar er blitt det nye møteantrekket...

Saker vi jobbar med:

**Gapahuk:** Vi har fått innvilga 40 000 kr frå Sparebankstiftinga til å setje opp ein gapahuk ved Blåliddvatnet. Denne tenkjer vi vil høve godt saman med den nye, flotte turløypa som «turistikomiteen» i Seniordansen har jobba fram.

**Gjennomgongsbustader:** Det nyaste tiltaket som styret har starta, er å undersøke om det er mulig å få bygd gjennomgongsbustader i bygda. Styret ønskjer å kartlegge mulige prospekt og finne meir ut om aktuelle tomtealternativ. Deretter håpar vi å overlate prosjektet til folk i bygda som ønskjer å stå for utbygginga.

**Andre saker:**

Bustadfeltet: Vi purrar på kommunen for at bustadfeltet skal bli lyst ut på anbod.

Uttale til arealplan, der KKU går mot planene om å etablere gjenbruksstasjon i Haukedalen og i staden føresler å legge denne til S-svingen etter Bortnetunellen.

Nedlegging av kompanettet og evt fiberutbygging i krinsen – her vil vi informere på facebook når vi har nytt å melde

Flytting av hjertestartar frå Brannstasjonen til Kolset Oppvekst. Dette vil bli gjort i sommar.

Til slutt vil vi oppmøde alle om å slutte opp om KKU og betale medlemskontingensten. Vi set også pris på innspel til saker vi bør ta opp og arbeide med.

Formålsparagrafen til KKU er å arbeide for positive saker for bygda, og sjølv om det av og til kan sjå litt mørkt ut, så vil vi stå på vidare for bygda vår!

*Vi ønskjer alle ein fin vår vidare, og ein god 17.mai!*

## Turstien i Blålid – eit stort steg vidare

Finevêret vi fekk i april, sette fart i dugnadsånda i turstikomiteen, og vi møttest til synfaring og planlegging av arbeidet vidare. Vi sette opp punktvis kva vi meinte måtte gjerast, og vi var samde om at vi skulle prøve å bli ferdige frå bruva og inn til tomta til Steffen no i vår. Blir det fint haustvêr, kan vi kanskje gå vidare etter ferien.

Dugnadslista såg slik ut:

- Felle ein del tre som står i stien og rydde vekk greiner
- Kutte røter og stubbar i stien
- Byggje rekkverk frå bruva og opp til svingen
- Grave grøfter på det våte området, legge ned rør og legge Stein rundt røra
- Flytte/legge til rette nokre store steinar
- Finne og legge ned flate steinar der det er litt vått
- Byggje klopper over våte og litt «vanskelege» punkt



Komiteen har jobba mest, men særleg ein ettermiddag kom det mange fleire på dugnad, og utruleg nok er det no berre siste punktet som ikkje er ferdig. Trass i det er stien no godt brukande. Når det er regnvêr, kan det vere lurt å ha støvlar eller vasstette sko, og vi håper mange vil ta turen langs det idylliske Blålidvatnet.

B.D.L

## Lite svingom for Seniordansen dette halvåret

Då vi starta opp att etter juleferien, hadde vi forventningar om eit langt og godt dansehalvår, men 10. mars vart siste danseøkt, og vi reknar ikkje med at det vert samling igjen før til hausten. Med ein meters mellomrom er det vanskeleg å drive seniordans.

Årsmøtet vårt vart halde 21. januar med godt frammøte. Vi la planar for vidare aktivitet, blant anna besøk på Klokkartunet. Kontingensten fekk ein liten auke, og alle som var på val i styret, sa seg villige til å halde fram:

Leiar:	Brita Haugland
Nestleiar:	Magnar Storøy
Kasserar:	Hans Bakke
Sekretær:	Bjørg D. Lofnes
Styremedl og studieiarar:	Åshild T. Leirgulen

Danseleiarane er Åshild, Reidun og Bjørg

Før «koronatida» tok overhand, hadde vi fått to invitasjonar frå andre danselag, først til Svelgen og så til Florø. I Svelgen var det kommunalt dansetreff 10. mars, og dette fekk vi gjennomført. Svelgen, Bremanger og Kolset bytte på å instruere dansar, og om lag midt i økta vart vi bedne til bords. Karbonadesmørbrød og kaker smakte herleg. Tusen takk til Svelgen Seniordans.

Florø Seniordans skulle feire 15-årsjubileum den 24. februar, men då var det allereie forbode å ha arrangement, så det kunne ikkje gjennomførast. Det same skjedde med besøket vårt på Klokkartunet, for dette var bestemt til søndag 22. mars. I tillegg var vi byrja å planlegge sommaravslutning i starten av juni. I år hadde vi lyst å ta turen til Værlandet/Bulandet, men det får vi ha til gode til eit anna år.



No får vi håpe at sommaren tek knekken på dette «utysket» av eit virus, slik at vi kan starte opp att med danseøvingar til hausten. Då har vi vore så lenge borte frå dansane, at vi er nybyjarar alle saman. Derfor håper vi at vi får mange nye dansarar, og sjølv sagt alle «gamle». God sommar til lesarane av Kolset Tidende frå Seniordansen.

## ***Stortrives, men måtte ta eit val***

Det er kaldt og vått ute, og eg skal på besøk til familie Bjerke-Johansen i Abraham-huset. Dei har budd her siden nyttår som ein del av Bulyst-prosjektet, og no skal eg intervju deg for bygdeavisa Kolset Tidende.

Eg har med ein is til kvar, og gutane Torbjørn (8), Halvor (6) og Iver (4) forsvinn inn i stova med kvar sin etter å ha gitt meg ein takk. Kjetil (41), Tine (33), og eg set oss ved kjøkkenbordet med ein kopp kaffe og ein is kvar.

Tine fortel at dei var på ferie i Spania da ho kom over ein artikkel om Bulyst-prosjektet på [www.nrk.no](http://www.nrk.no). Tanken på å bu på kysten med nærleik til både sjø og fjell frista, og små forhold på skule og barnehage ville passe barna deira godt. Dei kontakta KKU, og kom på todagers besøk midt i juli.



Tine seier dei fikk ein sjarmerande mottaking der barnefamiliar i bygda møtte dei på skuleplassen med kaffe og is, og ungane fekk umiddelabrt kontakt. I løpet av to dagar fekk dei omvisning i kommunen, bygda, på Vingen, vasse på Grotlesanden, møte med kommunen m.m. Dei følte seg velkomne og godt mottekne.

Dei søkte om opptak til Bulyst-prosjektet, og fekk tilbod om deltaking der. Dei kontakte Hildegard Strømmen Nygård og fekk ei avtale om leige av Abraham-huset. Kjetil er lege, og han fekk seg jobb ved Svelgen legesenter. Tine, som er ergoterapeut, tok seg eit studieår. Dei to eldste gutane begynte på skulen, og minstemann i barnehagen. Flyttelasset kørde dei på nyttårsaften.

Familien tykkjer dei fekk ein varm velkomst av bygdefolket. Det sto både middag og blomster og venta på dei når dei endelig kom fram etter ein lang tur frå Solbergelva. Dei har fått eit veldig godt forhold til naboane som alltid er hjelpsomme. Ikkje minst er dei imponert over dei eldre i bygda som dei synes er uvanleg spreke. og alle er veldig imøtekommande.

I tida dei har budd her, har dei skaffa seg båt, dreve med fiske med garn, stang, og snik, gått fjellturar, hatt piknik ute i naturen, og i det heile hatt betre med tid til kvarandre. Små forhold på skule og barnehage har vore ein positiv ting, og gutane har funnet roen. Noe som ikkje er like enkelt i store klasser med masse støy rundt heile tida.

Familien har heile tida vore klar over skulesituasjonen i bygda, og at den kommunale skulen antakelig ikkje ville vere meir frå hausten av. Men dei, som bygdefolket ellers, hadde håpa på at bygda skulle ha ei skule frå hausten av allikevel. Det har jo vore jobbe med å få til ein Montessori-skule.

No har svar på søknad om skuledrift på Kolset trukket så langt ut i tid at familien måtte ta eit val. Dei ville ikkje at ungane skulle vere avhengige av ein lang busstur for å gå på skule. Og med lang oppsingingstid for Kjetil måtte han seie opp jobben som lege i Svelgen for at ungane skulle vere klare for skulestart til hausten på austlandet.

Dei tar med seg minner frå ein god tid i Rugsund etter å ha vore kjend med bygdefolket, og dei ser ikkje vekk i frå at dei vil kome tilbake i ferier. Hausten og krabbefiske frister.

Vi i KKU takkar for at dei ville kome hit og bu hos oss, og synes selvfølgelig det er leit at dei flytter austover att. Men vi håpar på ein fin vår og sommar tilsamans med dei før dei flyttar, at dei kjem tilbake i ferier, og ynskjer dei all lykke vidare.



Vinteren er over og den vakre våren famnar oss midt i den kalde koronatida. Det er jammen godt å bu i eit område der vi får sjå og nyte at nytt liv sprett fram: bjørka som faldar ut dei friske, grøne blada, solgule bekkeblomar og nydelege, nikkande kvitveisar..

Vi i husflidslaget har ikkje fått møtast til temakveld og husflidstur enno i år, noko som vart vedteke på årsmøtet i februar. Men vi ser fram til å gjennomføre dette «når alt har blitt bra igjen». Medlemmene i Ung husflid vil få invitasjon til aktivitetskveld når slike samlingar vert tillate, og det er trygt for alle. Planlagde tema er kolrosing og spikking i tre.

Satsingsområde for Norges Husflidslag 2019-2022 er «Holdbart». Målet er at ved å få kunnskap om materialar og teknikkar, skal vi gjere ansvarlege val som forbrukarar. I denne samanheng kan ein på Facebook-sida til Norges husflidslag få råd om korleis ein skal vaske og stelle bunadsskjorta for at ho skal vere lengst mogleg. For vi skal vel bruke bunaden når vi skal stille opp i Norgeskoret?

På *husflid.no* – *Ung Husflid- ting å lage-* finst mange oppskrifter for barn og unge. Kva med å lage si eiga 17. mai-sløyfe? Likar du å hekle? Eller er det kjekkare å veve? Du finn oppskrift i ulike teknikkar. Ta gjerne kontakt om de treng hjelp til å få tak i oppskrifta!

Ha ein fin, annleis 17.-mai!

Vennleg helsing styret  
v/ Margunn Solvang

\*\*\*\*\*

### Styret i Davik og omegn Husflidslag 2020

Leiar: Margunn Solvang  
Nestleiar: Synøve Eriksen Vadøy  
Sekretær: Randi Myklebust  
Kasserar: Åshild Dombestein  
Studieleiar: Petra-Marie Indredavik Karstensen  
Vara: Grethe Storøy  
Anne Sofie Aardalsbakke Endal



# **Rugsund Skyttarlag**

## **Nytt kulefang på 100 m bana**

Styret i Rugsund skyttarlag er stolte av å presentere ferdigstilt nytt kulefang på 100 m bana!

Med tanke på strenge sikkerheitskrav og meir kontroll av skytebanene, vart det bestemt å oppgradere kulenedslagsfeltet på 100 m. Terrenget mellom standplass og skiver er senka, det er bygd veg heilt opp til skivevollen, gammal voll av bildekk er fjerna, og det er laga ny voll av godkjent rikosjettfritt materiale. Arbeidet er utført av lokal entreprenør med noko dognadshjelp. I tillegg har vi på dugnad flytta skivene oppover/sørover for betre plassering i høve den nye skivevollen. Dei elektroniske skyteskivene er monterte og klar for bruk. Vi har prøveskote og kalibrert skivene.

Finansieringsmessig er dette krevande for skyttarlaget. Vi vil takke ein velvillig entreprenør, Knut Erlend Dombestein, for godt utført arbeid og for å dele opp fakturaene i mindre delar som vi har klart å betale etterkvart. Vi vil takke dei mange medlemmane våre som i tillegg til årleg medlemskontingent har betalt inn 300 kr for jakttrening og jaktprøve. Vi takkar og dei medlemmane som i tillegg til oss i styret har utført dognadsarbeid.

Vi har søkt Bremanger kommune om prosjektmidlar, og vi har sendt fleire søknader om sponsorstøtte. Så langt har vi fått innvilga kr 25 000,- frå Bremanger kommune, vi har fått innvilga kr 10 000,- frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og kr 8000,- frå MOWI lokalt. Dersom vi får inn nok midlar, vil vi etterkvart gå i gang med tilsvarende arbeid for å få i stand 200 m bana.

Vi ber dei medlemmane  
som fortsatt ikkje har  
betalt årleg  
medlemskontingent, kr  
300,- for vaksne og kr  
100,- for barn under 18  
år om å snarast betale  
denne. Vi vil fortsatt  
setje pris på om jegerane  
betaler inn totalt kr 600,-  
Skyttarlaget sitt  
kontonummer er  
3816.30.12895



## Rugsund Skyttarlag

# Terminliste 2020

Dag/dato:	Tidspunkt:	Arrangement:	Ansvarlege:
Søndag 10. mai	kl. 14.30-17.00	Trening/Jaktskyting	<b>Jan Inge , Harald og Arnt Willy</b>
Tysdag 19. mai	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	<b>Per Inge og Øystein Kolseth</b>
Søndag 24. mai	kl. 14.30-17.00	Trening/Jaktskyting	<b>Harald og Arve Svarstad</b>
Tysdag 2. juni	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	<b>Jan Inge og Geir Årdalsbakke</b>
Søndag 14.juni	kl. 14.30-17.00	Trening/Jaktlagskyting	<b>Arnt Willy og Geir Olsbø</b>
Søndag 28.juni	kl. 14.30-17.00	Trening/Jaktskyting	<b>Per Inge og Henning Bøen</b>
Søndag 12 . juli	kl. 14.30-17.00	Trening/Jaktskyting	<b>Håvard og Arild Leirgulen</b>
Tysdag 04. august	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	<b>Jan Inge og Knut Erlend Dombestein</b>
Søndag 09. august	kl. 14.30-17.00	Trening/Jaktskyting	<b>Harald og Ole Jensen</b>
Søndag 16. august	kl. 14.30-17.00	Trening/Jaktskyting	<b>Per Inge og Kjell Leirgulen</b>
Tysdag 18. august	kl. 17.30-19.00	Trening/Jaktskyting	<b>Håvard og Leif Jarle</b>

**Alle pliktar å sette seg inn i vår informasjon om DFS sine koronavettreglar før ein møter opp på skytebana. Informasjon om dette er lagt ut på lagets facebook-side, Kolset Tidende og utsendt på e-post. Personar som ikkje rettar seg etter desse reglane eller viser teikn på sjukdom vert vist bort frå skytebana.**

**Det er i år krav om påmelding på førehand på sms eller pr. telefon til styret sin representant:**

<b>Per Inge</b>	<b>Tlf. 412 33 925</b>
<b>Jan Inge</b>	<b>Tlf. 908 42 154</b>
<b>Håvard</b>	<b>Tlf. 959 617 80</b>
<b>Harald</b>	<b>Tlf.913 14 961</b>
<b>Arnt Willy</b>	<b>Tlf.951 66 523</b>

**Styret oppfordrar til betaling med vipps (580555), eventuelt med bankkort.**

**Det er ikkje høve til betaling med kontantar.**

Styret bed om at dei ansvarlege som ikkje kan møte til oppsett tid, seier frå til leiar på tlf. 41233925

Vi oppfordrar dei ansvarlege til å sette seg godt inn i informasjon frå styret i høve til DFS sine koronatiltak, ha med mobiltelefon, samt å lese oppslag; Krise- og beredskapsplan.

Den som står først på lista (styret sin representant **utheva skrift**), har hovudansvar og kontaktar medansvarleg.

Nøkkel til bana får ein ved å ta kontakt med leiar på tlf. 41233925

**NB!** Skytebana er i år ikkje open for skyting utanom dei oppsette dagane.

All skyting må skje i samsvar med baneinstruksen, jf. stengd vegbom og varselflagg skal vere heist. Baneinstruksen er oppslegen på skytebana. Krise- og beredskapsplan er oppslegen på skytebana.

# Trening og oppskyting for storviltjegerar

Miljødirektoratet har bestemt at skyteprøva frå i fjor vil gjelde i år og. Dette gjeld for jegerar som har betalt jegeravgift og som har rapportert til Statistisk sentralbyrå at dei har jakta storvilt i jaktåret 2019/2020.

Jegerar som ikkje avla skyteprøve i fjor må avlegge prøve på ordinær måte for å kunne jakte til hausten. Det same gjeld nye jegerar som skal jakte for første gang. Dette kan gjennomførast innanfor gjeldande koronavettreglar.

Terminlista for sesongen 2020 er no klar, og vi startar opp treningskyting søndag 10 mai. Vi oppmodar alle jegerane som er medlemmar i Rugsund skyttarlag om å komme på skytebana og trene før jakta. Alle jegerar må prøveskyte våpena sine for å kunne utføre ei forsvarleg jakt!

Vi vil pga Korona-situasjonen i år kreve påmelding på førehand på kvar treningsdato. Påmelding på SMS eller pr. telefon til ansvarleg representant frå styret. Sjå terminlista. Meld gjerne på førehand om de treng å kjøpe ammunisjon.

Vi ber om at medlemmane les nøyne gjennom koronavettreglane frå DFS og rettar seg etter desse og til ei kvar tid gjeldande smittevernreglar. Vi oppmodar skyttarane å ta med eigen handsprit. Legg merke til at kvar skyttar skal ta med sitt eige liggeunderlag.

Opphaldsrommet på skytebana vil vere stengt slik at all aktivitet foregår utandørs.

Til medlemmane som har betalt kr 300,- for trening og oppskyting og som ikkje skal skyte opp i år. Styret vil ikkje åleine bestemme om denne innbetalinga f.eks skal gjelde for neste sesong eller om det er naturleg at medlemmane betaler dette som treningsavgift i år. Kanskje medlemmane ønskjer å gje dette som ei gave til finansiering av skytebaneanlegget? Vi vil ta dette opp som sak på årsmøtet i oktober slik at medlemmane kan vere med å bestemme!

## Styret 2020

## Trygg skytebane!

Slik forebygger vi smitte sammen:

Per Inge Solvang	Leiar
Jan Inge Nygård	Nestleiar
Håvard Lofnes	Kasserar
Harald Skaar	Sekretær
Arnt Willy Landøy	Styremedlem



Hold minst 1 meter avstand til hverandre, og benytt alltid annenhver skive.



Visitasjon av våpen gjøres slik: Standplassleder gir beskjed og ser at skytteren selv foretar visitasjon av våpenet.



Vask alltid hendene før og etter skyting. Alle skal bruke eget liggeunderlag.



All skyting foregår utendørs.

**OBS!** Skyttarlaget viser til [dfs.no](http://dfs.no) for koronaregler ved bruk av skytebana.



Er du syk, hold deg hjemme.  
Se utfyllende koronaregler på [www.dfs.no/korona-info](http://www.dfs.no/korona-info).




## Gudsteneste og årsmøte i Rugsund kyrkje søndag 8. mars

På årsmøte i soknerådet 8. mars, vart det delt ut ei velfortent merksemld for svært godt arbeid i soknet vårt! Vi takkar også Dagfrid Leirgulen og Bjørg Olsbø for innsatsen i Sprell levande og Arve Haugland for nydelege musikalske innslag i kyrkja vår! Frå høgre: Bríta Haugland, Sonja Kolseth og Bjørg D. Lofnes.

Takk til Kjell Askeland som takkja ja på kort varsel.

Kyrkjekaffi etter gudstenesta



Vi gler oss til å få opne kyrkja vår igjen når alle retningslinjer og føringar er på plass.

Håpet er at vi skal kunne få arrangere utegudsteneste i august.

Nettandakt er å finne på: Kyrkjene i Bremanger

Det blir streaming av gudsteneste fra Bremanger kyrkje 17. mai. Den blir posta på Kyrkjene i Bremanger.

<http://www.bremangerkyrkja.no/>





Prestane Stein Oltedal og Gunnar Torset og organist Norvall Klungresæter heldt bønestund i kyrkja vår skjærtorsdag. Kyrkjelyden kunne dverre ikke bli invitert til å vere med grunna korona-situasjonen. Prestane tok imot bøneemne.



Tenning av lys i  
kyrkjetrappa  
skjærtorsdag og påskeaftan.



### Helgeringing

(5-10 minutt kvar laurdag klokka fem)

Soknerådet avsluttar helgeringing

15. juni.



## Dugnad ved kyrkjegården vår




Torsdag 7. mai  
hadde  
soknerådet  
vårdugnad i  
kald vind og  
regn

Vi ønsker alle  
ein annleis, men  
fin-fin  
grunnlovsdag



Med ønskje om  
ein god og varm  
sommar!

Rugsund sokneråd



covid-19 (koronavirus)

Soknerådet fyl

retningslinjer frå Bjørgvin og folkehelseinstituttet

**Soknerådet oppfordrar alle til å ta med eige hagereiskap  
som kontaktreduserande tiltak**

Nettadresser: [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no) og [www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

## Leirgulen Idrettslag

I juni 2019 vart det, med stor suksess, arrangert sommarfest. På programmet stod det natursti, friidrettsleikar på bana, mat og forfriskningar. Vi fekk underhaldning ved dei lokale turnjentene «Ministars», og til slutt vart det premieutdeling for dagens aktivitetar på bana, og for fjelltrimmen (tidlegare utdelt på juletrefesten). I år fekk i tillegg barna som har vore på alle fjelltoppane premie, vi tykkjer det er viktig å gje ei ekstra påskjønning for ein slik flott innsats!



I november vart det arrangert nissefest for alle ungane i bygda! Ein vellykka ettermiddag, med mange blide «smånißar» i aksjon i rebusløypa, ved bålpanna og diplomutdelinga.

Den tradisjonelle påsketrimbingoen vart dessverre avlyst grunna koronapandemien. Vi held oss til anbefalingane frå FHI når det gjeld arrangement og samlingar, og alle faste aktivitetar er for tida stansa. I skrivande

stund er det ikkje mogleg å nyte seg av gymsalen til treningsaktivitetar.

Vi har likevel mange moglegheiter til å halde formen ved like! Som de ser nedanfor, har vi eit stort utval av merka turløyper av varierande vanskelighetsgrad. Her er det berre å pakke sekken og snøre turskoa, og nyte den praktfulle naturen vi er omringa av! Kan vi håpe at vi i år får ny rekord i antal besøk på fjelltoppane?

### Fjelltrimmen/barneløypene:

1. mai byter vi bøkene på turmåla våre. Trimåret og poengsankinga for 2020 går fram til 1. mai 2021. Dersom veret er dårleg/mykje snø, kan det gå litt tid før bøkene vert bytta-men poenga dine vil likevel kome med på rett år. Dersom du tenkjer å ta turen til eit av turmåla i nærmeste framtid, ta gjerne kontakt med Hrafnhildur Eva. Kanskje du kan hjelpe oss med å bytte denne boka? 😊

Premiar for 2019 vert delte ut i løpet av året.

### Styret i LIL ser slik ut for 2020:

Hrafnhildur Eva Olafsdottir	leiar
Merete Kolseth	nestleiar
Therese Kolseth	skrivar
Espen Gulliksen	kasserar
Svein Leirgulen	styremedlem

**Fjelltrimmen har bøker på følgjande turmål:**

Troda (varden)	10 poeng
Raudalskammen (varden)	7 poeng
Søndstua (varden)	5 poeng
Raudalen (mur vest for selet til Hildegunn)	3 poeng
Raudehaugen (hytta til Åshild, postkasse)	3 poeng
Huldrehaugen (utedoen)	3 poeng
Kyrahaugen (mur i nærleiken av hytta til Svein Inge)	3 poeng
Skaravatnet (hytta til Knut)	2 poeng
Gloføyvatnet (postkasse i løypa ved vatnet)	2 poeng
Heidasteinane (postkasse, stien til Djupevatnet)	2 poeng
Djupedalen (hytta til Bjørg og Johan)	2 poeng
Tongane (bislaget på forsamlingshuset)	1 poeng
Skatestraumen (på stien frå Nygård mot Nygårdsssetra)	1 poeng

**Barnefjelltrimmen har bøker på følgjande turmål:**

Tongane (bislaget på forsamlingshuset)	3 poeng
Skatestraumen/Nygård (start ved avkøyrsla til Jan Inge)	2 poeng
Mummisteinen (start ved grinda i Rabben)	1 poeng
Hagen (skogsvegen frå lada til Solfrid)	1 poeng
Storfurua (ovanfor Tordis, i løypa frå barnehagen)	1 poeng
Hakkebakkeskogen (Stranda, løypa frå trimstova)	1 poeng
Øyna rundt (midtvegs i løypa, start ved Magne)	1 poeng
Vågen/Ranhøgda (start ved garasjen ved kyrkja)	1 poeng
Holten i Leira (i løypa mot Heidasteinane)	1 poeng
Brauta (Blålida, løypa startar ved Geir)	1 poeng
Bortnen (skogsvegen mot Bortnestøylene/Skaravatnet)	1 poeng

**Grasrotandelen:** Du kan støtte idrettslaget vårt ved å registrere deg via tippekortet ditt når du tippar hos Norsk Tipping. 7 % av summen du tippar for, vil då gå direkte til laget-og kome tiltak i nærmiljøet sitt til gode. Dette er heilt kostnadsfritt for deg. Vårt org.nr. er 986124691

## Smalsarhorn Skulemusikk

Korpssåret 2019/2020 har vore eit spanande år. Året har vore prega av samarbeid, på tvers av bygder, generasjonar, lag og organisasjonar. Vi kan sjå tilbake på eit innhaldsrikt år. Det er ekstra gjevande når fleire står saman om å skape noko, samtidig som vi spreier glede og skapar engasjement.



I August var det ein fin gjeng frå Smalsarhorn som reiste på minibrassbandleir til Brekke. Ei lærerik og innhaldsrik helg, der unge og eldre musikantar møtes for å utvikle seg innan korps, samtidig som vi opprettheld motivasjon for korpsånd og korpsdrift.

Smalsarhorn Skulemusikk har hatt eit musikalsk samarbeid med nabokorpsa Davik Musikklag og Ålfoten Hornmusikk. Korpsa sin faste dirigent er Johnny Sælemyr. Vi takkar han for eit inspirerande og lærerikt år og ser fram til vidare samarbeid.

Vi hadde ein hektisk haust, med julemesse ilag med Musikkverkstaden, seminar og konsert i Ålfoten, Gammaldags Jul, tenning av julegrana og deltok på julekonsert i Rugsund og Davik kyrkjer.

Vi starta hausten med å øve på eit breitt repertoar. I november hadde vi seminarhelg i Ålfoten, der vi avslutta helga med konsert og basar. Ålfoten tok godt imot oss, vi blei oppvarta med god mat og god tilrettelegging frå fredag til søndag.



Søndag 3. november 2019 arrangerte Musikkverkstaden og Smalsarhorn Skulemusikk den etter kvart tradisjonelle julemesse. Vi oppsummerer eit vellykka samarbeid og god oppslutning både av utstillarar og publikum. Tusen takk alle involverte

God Gammaldags Jul er eit godt eksempel på noko unikt som blei skapt ilag av unge og eldre. Vi samarbedde tett med Kolset Oppvekst, ein fantastisk gjeng med Susanne Førde Midtbø i regien. Hennar positivitet og engasjement, smitta over på ungane, dei formidla flott song med glede og entusiasme. Det var også svært gledeleg at trekspelklubben vår stilte opp med flott trekspelmusikk. Det blei prikket over i-en.



7. Desember: GOD GAMMALDAGS JUL med Smalsarhorn Skulemusikk og Kolset Oppvekst. Songar og fortellingar om jula.

Til arrangementet fekk vi hjelp fra Musikkverkstaden (lyd og lys) seniorar, klubbdamer, kakebaking, smørbrød, kjøkkenteneste osv. Igjen, Tusen takk, vi er evig takknemlege. Utan dokke, hadde ikkje Gammaldags Jul vore mogleg å gjennomføre.

Vi fekk mange flotte tilbakemeldingar. Alt «strevet» med å skape noko nytt, men likevel ein bygdafest, var svært gjevande. Stor takk til alle som kom på arrangementet vårt. Om det er ynskje om å gjenta eit slikt arrangement, er det fint om vi får tilbakemelding på det, også kva vi kan gjere betre.

Det er fleire gode grunnar for å spele saman på tvers av bygdene. Den aller viktigaste grunnen er større speglede for både vaksne, ungdomar og born. Alle korpsa opplever at musikantar sluttar i korpsa når dei når ungdomsstegsalder. Med å slå oss i lag håpar vi at vi klarer å oppretthalde spegleda slik at ungdomane er med i korpsa til dei startar på vidaregåande. Speglede er også viktig for dei vaksne. Mange av dei har vore med i korps i over 30 år. Likevel ynskjer dei vaksne å utvikle seg musikalsk og spele stykke som fengjer og kling godt.

Med eit større korps er det enklare å halde oppe vanskegrad på låtane, og gje utfordringar til alle instrumentgrupper. Det aller viktigaste for korpsa våre er sjølvsagt rekruttering. I bygdene våre er det diverre færre og færre born, og ikkje alle vel korps. Difor er det viktig å ta vare på dei som startar. Populariteten til korps går i bølgjedalar frå bygd til bygd. Det vert enklare for ein eller to å starte når ein veit at det er born med frå andre bygder. Pausane er svært viktige for borna. Då er det viktig at der er nokon å leike med.



Samarbeidskorps samla før julekonserten på Davik

Palmehelga, 4. april 2020, skulle Davik musikklag feire 100års – jubileum. I det høve skulle samarbeidskorpset halde konsert. Dagen etterpå, søndag 5.april, inviterte SSM til Musikk kafé. På grunn av Covid -19 har vi avlyst alle øvingar, gong, fram i tid, har løyve/syns det er forsvarleg å arrangere noko i bygda vår. Vi gledar oss til den dagen kjem der « Alt blir bra».

Vi i Smalsarhorn vil ynskje alle ein god sommar og takke hjarteleg for all hjelp, støtte og gode ord. Dette inspirere oss til å fortsetje og oppretthalde korpset i bygda. Kolset Krins er ein flott stad å bu.



# Program for 17. mai i Kolset krins

Kl. 08.00: Flaggheising

Minnemarkering ved Rugsund kyrkje på foremiddagen

Kl. 13.00: Nasjonal markering

Alle er hjartelig velkomne til å sende helsing til bygda vår på Kolset Krins si facebook-gruppe.

For innslag elles følg med på heimesidene til Kolset Krins og Bremanger kommune.

**Kjære sambygding i Kolset krins – Gratulerer med dagen!**

Vi ønsker alle ein annleis, men flott feiring.

Takk til barn og tilsette ved Kolset oppvekstsenteret som har pynta ved skulen, og til soknerådet som har pynta ved Rugsund kyrkje.

17. maikomiteen helsar bygda vår med bilkortesje. Følg med på foremiddagen.

Med helsing 17. mai komiteen 2020